

**TYSNES KOMMUNE**

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437015

Justis- og Beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep.

0030 OSLO

UGGDAL, 03.09.2018

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
18/471-2	5484/18	050	TK/STAB/ANTE	

HØYRING - ENDRINGAR I OFFENTLEGLOVA M.M.

Me viser til høyringsnotat om endringar i offentleglova m.m.

Tysnes kommune er samd med framlegget om at det kan gjerast unntak frå innsyn i elektroniske kalenderoppføringar. I praksis er det ikkje uvanleg at tilsette også har private avtalar i den elektroniske kalenderen sin. Slike oppføringar gjer det lettare for kollegaer å sjå når ein tilsett har ledig tid for møte o.l. Kalenderen vert dermed eit verktøy for praktisk organisering av ein arbeidsdag der tida og avtalar for fleire skal samkøyrast. Dersom den elektroniske kalender skal vera fullt ut tilgjengeleg for innsyn etter offentleglova, vert det av personvernomsyn ikkje like lett å ha private avtalar i same kalender. Då kan ein lett missa deler av dette verktøyet sin effektivitet mht enklare organisering av arbeidstida.

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Anders Teigen
førstekonsulent/it-leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.